

STRANDA HAMNEVESEN KF

REGULATIV

2010

STRANDA HAMNEVESEN KF

STHA: 12.02 2009

INNHALD

Kap. 1 Hamneavgifter

1.0 Anløpsavgift

- 1.1 Beregningsgrunnlag
- 1.2 Regulativ for anløpsavgift
- 1.3 Avgifta vert ilagd etter fyljande kriterier
- 1.4 Fritak for anløpsavgift er:

2.0 Kaiavgift

- 2.1 Regulativ for kaiavgift
- 2.2 Regulativ for turist- og passasjerfartøy
- 2.3 Minsteavgift for bruk av offentlig kai
- 2.4 Fritatt for kaiavgifter er:

3.0 Passasjeravgift

- 3.1 Passasjeravgift

4.0 Vareavgift

- 4.1 Grunnlag for vareavgift
- 4.2 Regulativ for vareavgift
- 4.3 Kriterier for vareavgift
- 4.4 Fritak for vareavgift er.

5.0 Andre avgifter

- 5.1 Fortøyning til pullert med hjelp
- 5.2.1 Leige av vaktbåt/ hjelpebåt
- 5.2 Fortøyning til kai

KAP. 1 Hamneavgifter

1. Anløpsavgift (jfr. Forskrift nr. 1077 02.12.94, § 5 og §6)

Berekningsgrunnlag for anløpsavgift.

Anløpsavgift vert rekna etter fartøyet sin bruttotonnasje (BT) i forhold til Den internasjonale konvensjonen om måling av fartøy av 23.juni 1969.

For fartøy med største lengde over 15 meter som ikkje er målt eller har gyldig målebrev vert tonnasje fastsett er hamemyndigheita sitt skjønn.

Regulativ for anløpsavgift

1.2.1 Eit kvart fartøy med unntak av dei som er nemt i pkt 1.4 skal ileggast avgift etter fylgjande regulativ.

Tonn	Intervall	Sats pr. tonn.
0 – 19 999	20000	Kr. 0,63
20 000 - 49 999	30000	Kr. 0,32
Over 50000		Kr. 0,21

Anløpsavgift vert ilagd etter fylgjande kriterie.

Anløpsavgifta vert i lagt pr. anløp i avgiftsområdet. Ved gjentekne anløp innanfor eitt og same område, vert avgifta i lagt dog kun ein gong pr. døgn.

Fartøy som i hovudsak vert nytta innafor hamnedistriktet sin grenser betaler ein fast årleg sum til hamnekassa.

Under 100 BT kr. 500,-
Over 100 BT kr. 1900,-

Det vert her gjort forskjell på fartøy som er i stadig fart og fartøy ved kai.

1.3.3 Stykkgodslasteskip samt containerskip i utenriks- og innenriks rutefart, vert innført midlertidig rabatt på 25%

1.3.4 Rabatt etter pkt. 1.3.3. vert innvilga på bakgrunn av godkjend seglingsplan, som skal dekke eit tidsrom på min. 3 mnd.

1.3.5 Hurtigruta betaler ordinær passasjeravgift

1.3.6 Fritak for fritidsbåtar med lengde under 15 m.

1.4 Fritak for anløpsavgift er:

- 1.4.1 Fartøy som passerer avgiftsområdet utan å anløpe hamna
- 1.4.2 Fartøy som anløper hamna på grunn av skade eller naudsituasjon når opphaldet ikkje varer lenge og fartøyet herunder ikkje lasser eller lossar eller tek om bord skipsfornødenheter eller passasjerer.
- 1.4.3 Bergingsfartøy eller isbrytere under utføring av berging eller isbryting.
- 1.4.4 Orlogsfartøy, så vel norske som utanlandske, jfr §5 i forskriftene til Lovens § 22
- 1.4.5 Ikkje målepliktige fartøy med lengde under 15 meter.(Skal ikkje betale)

2 Kaiavgift (jfr. Forskrift nr. 1077 av 02.12.94, § 5 og § 9)

2.1 Regulativ for kaiavgift.

Tonnasje		Pr. døgn
0 – 500		Kr. 0,68
500 – 1000		Kr. 0,63
1000 – 4000		Kr. 0,58
Over 4000		Kr. 0,44

2.2 Turist- og passasjerfartøy – (over 15m)

Tonnasje		Pr. tonn
0 – 6000 brt.		Kr. 0,47
6000 – 20000 brt.		Kr. 0,44
Over 20000 brt.		Kr. 0,40

2.3 Minsteavgift på offentlig kai:

Det kan gjerast avtaler med fartøy, selskap, foreiningar eller organisasjonar om fast bruk av kommunale allmenningskaier.

Fartøy bruker Stranda Hamnevesen sine kaier og har fått tilvist plass, skal betale ei fast avgift pr. år:

Fartøy under 12 meter:	kr	4 300,-
Fartøy mellom 12 og 15 meter	kr	7 400,-
Fartøy med lengde over 15 meter	kr	10 600,-

Det er fastsett ei minsteavgift på offentlig kai for fartøy som ikkje har avtale. Avgifta skal betalast pr. påbegynt døgn:

Minsteavgift fartøy under 12 meter:	kr	130,-
Minsteavgift fartøy mellom 12 og 15 meter:	kr	180,-
Minsteavgift med lengde over 15 meter:	kr	360,-

2.4 Fritak for kaiavgift er:

- 2.4.1 Fartøy som passerer avgiftsområdet utan å anløpe hamna.
Fartøy som anløper hamna på grunn av skade eller naudsituasjon når opphaldet ikkje varer og fartøyet herunder ikkje lasser eller lossar eller tar om bord skipsfornødenheter eller passasjerar.
- 2.4.2 Fartøy som passerer avgiftsområdet utan å gå til kai.
- 2.4.3 Bergingsfartøy og isbrytarar under utføring av berging og isbryting.
- 2.4.4 Orlogsfartøy, så vel norske som utanlandske, jfr. § 55 i forskriftene.

3 Passasjeravgift.

3.4 Passasjeravgift.

For passasjerar på skipa vert det krevd ei avgift pr. passasjer.
Denne vert sett til kr. 12,- pr. passasjer.

4 Vareavgift (jfr. Forskrift nr. 1077 av 02.12.94 § 11)

4.4 Berekningsgrunnlag for vareavgift

Vareavgift vert berre innkrevd innanfor Stranda Hamnedistrikt sine grenser og gjeld varer som lossar eller vert lasta innanfor Stranda hamnevesen sine offentlege kaier.

Berekningsgrunnlaget for vareavgift er vara si brutto vekt i metriske tonn inklusive emballasje. Vekta vert omrekna til vekteining, 1m³ = 0,5 tonn ih.h.t. det som står i lova. **Berekningsgrunnlaget vil aldri vere mindre enn vara si vekt.**

Det vert ikkje rekna vareavgift av containere som vert nytta til lastbærar

4.5 Regulativ for vareavgift

4.5.1 Stykkgoods vert ilagd avgift etter fylgjande sats.

Stykkgoods	Vareavgift pr. tonn
Emballert, pallertert eller stua i container og kan behandlast som ei enhet	Kr. 12,50

4.5.2 Bulkgoods (uemballert og laust stua i lasterom) etter fyljande sats

Bulkgoods	Vareavgift pr. tonn
Sand og grus	Kr. 2,33
Bulk - ikkje er spesifisert. Eks: bygningsprodukt, papir, plast, jern, aluminium, stål, fisk, ferskvare, andre matvarer	Kr. 4,66

4.5.3 Spesialgoods vert ilagd avgift etter fylgjande satsar

Spesialgoods	Vareavgift
Personbil	Kr. 23,- pr. stk
Varebil/Campingvogn/bobil	Kr. 37,- pr. stk
Lastebil/Buss/Semitrailer	Kr. 47,- pr. stk
Landbruks- anleggsmaskiner	Kr. 47,- pr. stk
Båt under 20 fot	Kr. 37,- pr. stk
Båt over 40 fot	Kr. 47,- pr. stk
Tomgoods	Kr. 12,- pr. tonn

4.5.4 For køyretøy som køyrer over hamnevesenet sin rampe til/frå ro-ro fartøy, betaler ein avgift etter fylgjande satsar.

Køyretøy	Vareavgift
Personbil	Kr. 23,- pr. stk
Varebil/Campingvogn	Kr. 37,- pr. stk
Lastebil/Trailer/semitrailer	Kr. 47,- pr. stk
Landbruks- og anleggsmaskiner	Kr. 47,- pr. stk.

4.6 Vareavgift vert rekna etter fyljande kriteria

- 4.6.1 Vareavgift gjelder for alle varer som vert frakta med skip til eller frå hamna og som vert ført over offentlege kaier. Når vareavgifta skal innkrevjast, er minsteavgift kr. 110,-
- 4.6.2 Varer som kjem til hamna med fartøy og vert vidaresend med fartøy, vert vareavgifta. For varer som vert vidaresend til utlandet vert vareavgifta pålagd ved utgåande levering.
- 4.6.3 Det vert ikkje innkravd vareavgift frå varer som vert lossa frå fiske- og fangstfartøy som er ein del av fangsten.
- 4.6.4 Vareavgift vert også lagd på varer som vert overført frå eit fartøy til eit anna utan å passere kai anlegg når fartøy ligg ved ein offentlig kai. Avgifta vert kravd med 1/3 av kva som er bestemt for varer over kai.
- 4.6.5 Vareavgifta for inngåande varer er mottakar sitt ansvar, og for utgåande varer ligg dette til varesendar.
- 4.6.6 Transportoperatørar, meglarar og ekspeditørar føretek innkrevjing av vareavgift for varene.
- 4.6.7 Transportørar, meglare og ekspeditørar pliktar omgåande å oversende oppgåve over mengde for kvart anløp på godkjend skjema. Oppgåva skal innehalde opplysningar om mengde av dei forskjellige vareslag , lastbærare , samt lesse/lossehamn. Mindre mengder stykkgoods skal oppgjevast som uspesifiserte varer.
- 4.6.8 På grunnlag av innsend oppgåve vil hamnevesenet fakturere vareavgifta til vedkomande transportør.

4.7 Fritak for vareavgift er:

- 4.7.1 Passasjerar og bagasje
- 4.7.2 Proviant, olje og einingar til skipet sitt eige bruk.

5 Fortøyingsavgift

- 5.1 Fortøyning til pullert med hjelpebåt (2 manns besetning)**
Med fortøyning til pullert med hjelpebåt og mannskap, vert det å betale ei avgift på kr. 3 000,- for fortøyning, samt ei avgift på kr. 3 700,- for leige av båt med mannskap.
- 5.1.1 Dag-leige vakt/ hjelpebåt kr 2000,- pr. time innanfor ord. arbeidstid på 7,5 t.
- 5.2 Fortøyning til kai.**
For båtar som har behov for hjelp til fortøyning ved kai, vert denne fakturert etter medgått timesats. Pris pr. påstarta time kr. 600.- pr. person.

Pris pr time mellom kl 1700 og 0800 er kr 750,-